

## Fossegrimen

Fossegrimen er ein av dei store slåttane etter Torgeir Augundson (1799/1801-1872), betre kjend som Møllarguten.

Det er delte meiningar om kvifor Torgeir blei kalla Møllarguten. Nokon vil ha det til at det var ein tyskætta spelemann på Hørteverket som heitte Möller som var den eigentlege faren, ug at guten gjekk under namnet Møllarungen i to år - fram til mor hans gifte seg med Augund Torgeirson i 1801, det same året som han blei døypt Torgeir Augundson. Om det er slik at det var lagnaden sin ironi som slo til eller om det var anna, så hadde det seg nå uansett slik at denne Augund var nettopp møllar. Og Møllargut-namnet passa framleis godt.

Møllarguten hadde ei enorm trong til å lære å spela hardingfele frå han var smågut. Den tida han voks opp hang framleis ein del overtru att blant bygdefolket. Han blei stadig skremt med at det var djevelens instrument han spela på, men han kunne ikkje la vera. Som gut hørde han om at ein kunne lære det beste spelet av Fossegrimen. Segna sa at den som ville lære å spela av honom måtte kaste eit kjøtlår uti fossen. Men den som berre ofra eit kjøtlaust bein fekk einast lære å stille fela.

Det blir fortald at Møllarguten som liten, nyfiken og læreviljug gutunge gjorde som segna sa. Kanskje var dette innved der far hans hadde kverna si – nokon seier det var ved Rjukaren på Hørte. Møllaren lærde i alle fall og spela. Det er det inga tvil om – om han lærde det av Fossegrimen eller av folk. Og han blei så tidleg god og så spesiell ein spelemann at han blei ei levande legende i si samtid. Slik oppdaga også finfolk i Noreg honom. Fiolinisten Ole Bull bor honom fram og synde honom fram for kultureliten på dei store scenane i Kristiania og Bergen, og segna om Fossegrimen og alt det naturmytiske og nasjonalromantiske følgde med. Dette fascinerte byfolket og Møllaren blei slik eit nasjonalsymbol.

Welhaven dikta eit storslått dikt om denne skapningen frå landsbygda og der heiter det m.a.:  
*"...han hørte der i Elvsuset Hallingslaatten fra det dybe Væld. Fossegrimen sine strenger rørte, Skummet sprang og hvirvlede dertil. Ingen uden Møllergutten hørte, hvordan Elven gikk med strengespill."*

Sjølv hadde Møllaren eit tydeleg meir jordnært forhold til dette, i alle høve etter han blei vaksen. Han blei ein gong spurd om han hadde lært noko av Fossegrimen. *"Nei,"* sa Møllaren; *"men eg lærde temmeleg mange slåttar av Øystein Langedrag frå Seljord."*

Ei vende han var på veg til ei speling i Kviteseid – han var komen eit stykkje på veg - gjekk han og klaga over kor stygt det var kringom honom. Det var noko ulendt terreng han måtte krysse. Han var på ulag da - det kunne ikkje vera styggare i Helvetet, meinte han: *"Slike faens holur! Det e' ikkje Vårherre som har skapt dessin. Det må ha vort et anna udøger som har skjemt ut fær Vårherre."*

Ein av dei som var med honom ba Møllaren sette seg ned for å kvile. Selskapet meinte jamvel at det var truleg at Fossegrimen kunne halde til der ikring. *"Fossegrimen?"* spurde Møllaren. *"Håkken e' det?"* Hin svara at det var ein fossegod og at det stod om denne i diktet til Welhaven. Han resiterte da diktet for Møllarguten. *"Ja, slike fans diktarar; Slike fans reglur!"* svara Møllaren; *"Det e' Gud forsyne meg bare påfunn og rusk og rask, og noko bort etter elle markjir!"*

Ei anna gong trefte Møllaren ein kramkar frå Røldal, som heitte Aasmund Bakken. Denne spurde Møllaren om han ikkje hadde lært av Fossegrimen. Møllaren svara at det hadde han aldri, og hadde aldri vore freista til det heller. Aasmund fortalde da at han hadde gjort kva han hadde høyrte skulle gjerast, innved Nøvefoss. Han hadde kasta uti nokre bein. Men det hadde visst ikkje hjelpt noko. Møllaren grua seg da og lo; *"Jaggu' va' du gælen da! Ja, da va du rættig gælen au, da."*

Ein kan mange gonger få inntrykk av at Møllaren ikkje lika så særleg å bli forbundi så mykje med Fossegrimen. Han var ein grublande og gudfryktig person - var religiøs og sat mykje og las i bibelen og mumla bibelsitat. Det at dei skremde honom med Djevelen da han var liten sette djupe spor i honom. Difor lika han ikkje å høyre at han liksom skulle stå i pakt med noko så ukristeleg som Fossegrimen.

Men han opplevde mange gonger å høyre musikk i alt som låt. Og særleg, når han kanskje låg litt og døste, gjerne med solid bakrus, kunne han vakne til at slåttar sveiv i skallen. Dette hende stadig ved ein bekk eller eit fossefar. Den enorme musikaliteten til Møllaren forma lydane, klangane og tonane i fosseduren om til geniale melodiar. Kva som eigentleg skjer når slikt hender er ikkje godt å slå fast, men det er lett vint å skulde på Fossegrimen. Og han har slik også fått skulda for gangaren som ber namnet Fossegrimen.

**Anbefala innspeling:**

*Olav K. Øyaland: "Haugelåt"* (BKCD9. Buen Kulturverkstad, 1995)

**Kjelder:**

- *Rikard Berge: Myllarguten* (2. opplag, Noregs boklag 1972)
- Folketradisjon